

Møte 20.01.2020 på Biosa Norge

Referat.

Til stades: Harald Hove, Rolf Brun, Peder Karlsaunet, Vidar Braaten, Sigvardt Pran, Odd Frantzen, Marianne Johanstuen, Alf Eskevik, Appie Ruud, Turid Åsum, Hans Eivind Bjørnstad, Gunnar Ditlefsen, Cato Bekkevold, Gunnar Thoner, Vidar Holstad, Pål Sindre, Hans Olav Gjelsnes, Kari Holth, Henning Mangset – 19 medlemmer. I tillegg Helge og Berit Nordquist, og sonen Johan.

- Presidenten ønske velkomen til Biosa Norge, og takka for at vi fekk kome.
- Fødselsdagar. Ingen fødselsdagar sidan sist.
- **Brødremesse** er merkedag den [20. januar](#) og er avmerka på [primstaven](#) som ei øks eller to piler i kross. Messa er til ære for [martyrane Sankt Fabianus](#) og Sankt Sebastianus, som blei drepne under kristenforfølgjingane i [Roma](#) rundt 300 med høvesvis øks og pil. Denne dagen var ifølgje tradisjonen ei åminning om å hogge emneved i tide før sevja steig i trea. Dagen blei òg rekna som lumsk og uutrekneleg, og ein måtte ikkje plystre eller ule mot vinden denne dagen, for då kunne det gå ein ille. Om ein fiska denne dagen og fekk [steinbit](#) på kroken eller i garnet, måtte ein ikkje ta han med heim til den gravide kona si, for då ville barnet få ein stygg munn. Om ei skjor set seg framføre døra denne dagen, vil nokon i familien snart døy.

-

mandag 20. januar 2020

Helge Nordquist viste oss rundt, først i lokala nede. Vi fekk ikkje gå inn i produksjonslokala, men kunne kikke inn. Dei bruker gamle mjølketankar (for små til dei større gardsbruka i dag) som kar i produksjonen. Det er sers strenge krav frå Mattilsynet. Etter at vi var ferdige nede, gjekk vi opp i andre høgda, der det finst kontor og møterom. Der fekk vi kaffi/te og kaker.

Helge fortalde at Biosa Norge blei starta opp i 2001 av Helge Nordquist og Bent Madsen. Det første produktet var eit helsekostprodukt, Vita Biosa, eit konsentrat av mjølkesyrebakteriar. Etter nokre år trekte Bent Madsen seg ut av firmaet.

Seinare har produktspekteret vorte sterkt utvida til òg å gjelde dyr og dyrefôr, jord og plantar og miljø og avfall. Biosa sine produkt blir produserte på Skarnes, og selde i Sverige, Danmark, Tyskland, Irland og Canada. I Irland og Canada finst det eigne produksjonsanlegg – det blir for dyrt å selje produkta frå Noreg.

Biosa Norge driv bra. Det går sjølvstøtt litt opp og ned, men Helge, kona Berit og sonen Johan har ein trygg og god arbeidsplass.

Om du vil vite meir, kan du gå inn på www.biosanorge.no

Til slutt takka presidenten for omvisinga, og ga familien ei flaske raudvin. Han minna om møtet 27/1 med Berit Lund: «Reisebrev – odølinger på reise.»